

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 01.07.2014  
**Tid:** 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 25.06.14

Arnulf Goksøyr  
ordfører

## **SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 110/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 111/14	Protokoll frå førre møte
PS 112/14	Delegerte saker
PS 113/14	Referatsaker
PS 114/14	Nordic Resort AS - tiltrede av opsjon
PS 115/14	Varsel om oppstart av planarbeid
PS 116/14	Gnr 12 bnr 10, 13 - Grunnkjøp Remøya
PS 117/14	Gnr 35 Bnr 10, 49, 81, 90 - Grunnkjøp Igesund
PS 118/14	Hovudplan for vassforsyninga i Herøy

### **Delegerte saker frå avdelingane**

DS 25/14

Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning (lukket og åpent arrangement)

DS 26/14

Søknad om utvida skjenketid under Maritime sommardagar - Fosnavåg Brygge

## **Referatsaker**

RS 34/14

Fellesareal i Ospenesveien

RS 35/14

Avgiftsnivået på kommunale tenester



PS 110/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 111/14 Protokoll frå førre møte

PS 112/14 Delegerte saker

PS 113/14 Referatsaker



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2012/1221
		Arkiv:	611

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
114/14	Formannskapet	01.07.2014

### NORDIC RESORT AS - TILTREDE AV OPSJON

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Formannskapet godkjenner Nordic Resort AS' søknad om tiltreding av opsjon om kjøp av kommunens eigedomar gnr. 17 bnr. 30, 52, 54, 58 og 62.
2. Kjøpesummen vert sett til kr. 45 pr. m2. Kostnader til oppmåling, frådeling og tinglysing kjem i tillegg.
3. Ordføraren får fullmakt til å signere endeleg kontrakt for salet.

#### Særutskrift:

Eigedomsavdelinga, her  
Utviklingsavdelinga, her  
Anlegg- og driftsavdelinga, her  
Servicetorget, her  
Nordic Resort AS

## **Vedlegg:**

### Uprenta vedlegg

1. F-sak 190/12
2. F-sak 118/06

### Prenta vedlegg:

1. Nordic Resort AS - søknad om tiltrede av opsjon
2. Tilleggsinformasjon frå søker
3. Søknad frå Aasmund Torvik om kjøp av kommunal grunn
4. Indeksregulering av kontraktsfesta kjøpesum

## **Saksopplysningar:**

Saka gjeld Nordic Resort AS – tiltrede av opsjon om kjøp av kommunal næringseigedom.

### Bakgrunn

Formannskapet gjorde i F-sak 190/12 slikt vedtak:

1. *Nordic Resort AS får forlenga sin opsjon på kjøp av kommunens eigedomar gnr. 17 bnr. 30, 52, 54, 58 og 62 i Torvik i 2 år, fram til 01.06.2014, med svarfrist på 6 månadar dersom andre interessentar melder ynskje om å nytte heile eller delar av området. Søkjar kan eventuelt søke forlenging av denne opsjonen dersom behovet skulle være til stades.*
2. *Selskapets eventuelle utøving av opsjonen med påfølgjande eigedomsoverdraging skal fremmast som eiga sak til Formannskapet.*

### Søknad om tiltrede av opsjon

Nordic Resort AS søker i brev av 23.5.2014 Herøy kommune om å få tiltre opsjonen som vart gitt i ovannemnde sak. Søknaden fyl som prenta vedlegg 1.

Søkaren har i ettertid oversendt utfyllande informasjon om forhandlingane med internasjonale aktørar, sjå prenta vedlegg 2.

### Andre interessentar

Herøy kommune har motteke søknad frå Aasmund Torvik om å få kjøpe delar av kommunens eigedomar innanfor det aktuelle området til næringsformål. Søknaden fyl som prenta vedlegg 3.

Eigedomsavdelinga har orientert søker om at tomta er reservert Nordic Resort AS og at ein lyt kome attende til søknaden etter opsjonsfristens utløp.

## Vilkår for sal

Formannskapet handsama spørsmålet om opsjon fyrste gong i 2006 og gjorde i F-sak 118/06 slikt vedtak:

*«Tomteprisen vert, med tanke på eit seinare grunnkjøp, fastsett til kr. 40,- pr. m2 pr. 01.01.06 og den skal justerast for vanleg prisstigning fram til ei eventuell eigedomsoverdraging finn stad.*

*Frå det tidspunkt eigedomsoverdraginga finn stad, gjeld vanlege vilkår om byggefrist og kommunal forkjøpsrett mv.»*

Ein tiltrede av opsjonen om kjøp inneber såleis at Herøy kommune sel eigedomane på vanleg måte. Byggefrist på 2 år rekna frå dato for heimelsoverføring av eigedomane er såleis utgangspunktet også for dette prosjektet.

Kjøpesummen er set til kr. 40 pr. m2. Oppregulering i samsvar med endringa i konsumprisindeksen gir ein kjøpesum på kr. 46 pr. m2, opp 16,1 %, sjå prenta vedlegg 4.

## **Vurdering og konklusjon:**

Rådmanen viser til tidlegare vedtak om å gi Nordic Resort AS opsjon på kjøp av kommunens eigedomar i Torvik og tilrår sal av eigedomane som omsøkt.

Planane som Nordic Resort AS arbeider for å realisere i Torvik i Herøy, er omfattande i omfang og eit eksempel på kva Herøy kan få realisert av spennande næringsprosjekt dersom føresetnadane elles ligg føre for dette.

## Konsekvensar for folkehelse:

Tiltrede av opsjonen gir ingen særskilde konsekvensar for folkehelsa. Men ei realisering av prosjektet kan gi nye arbeidsplassar, både i byggefasen og i etterfylgjande driftsfase.

## Konsekvensar for beredskap:

Ingen særskilte konsekvensar.

## Konsekvensar for drift:

Ingen særskilte konsekvensar.

Fosnavåg, 16.6.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Robert Myklebust  
Eigedomsléiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust

Nordic Resort A/S,  
Tollbugt. 49,  
3044 Drammen

Drammen 23.05.14.

Herøy Kommune v/Rådmann,  
6099 Fosnavåg.


**Vedr.: Tiltredelse av opsjon vedr kjøp av kommunens arealer i tilknytning til Hotellprosjekt i Torvika.**

Jeg viser til inngått opsjonsavtale vedr kjøp av kommunens areal i Torvika, samt brev vedr forlengelse av denne med varighet fram til 01.06.2014, datert 08.06.2012.

Uroen i eurosonen ser ut til vedvare på ubestemt tid og vi har det seneste året rettet våre øyne mot det asiatiske markedet. Det er nå gode signaler om at dette markedet i enda sterkere grad enn tidligere ønsker etableringer i tilknytning til norske naturbaserte områder.

Vi ønsker på bakgrunn av dette å tiltre opsjonen vedr kjøp av kommunens eiendom, vedtatt i sak 118/06, samt brev vedr forlengelse av opsjonen (F-sak 190/12) datert 08.06.2012.

Vennlig hilsen



Nils Chr. Gevelt  
For Nordic Resort AS

Mob 970 59300



1

## Til informasjon.

**Formannskapet i Herøy kommune :**

## Vedrørende :

Tiltredelse av opsjon vedr. kjøp av kommunens arealer i tilknytning til resortprosjektet i Torvik. Gjeldende areal, Gnr. 17, Bnr. 30, 52, 54, 58 og 62.

## Et anlegg for det internasjonale markedet:

**Uroen i eurosonen ser ut til å vedvare på ubestemt tid og vi har det siste året rettet våre øyne mot det asiatiske markedet. Det er gode signaler om at dette markedet i enda sterkere grad enn tidligere ønsker etableringer i tilknytning til norske naturbaserte områder.**

**Nordic Resort Torvik-Møre**, har over en lengre periode etablert nære relasjoner til den norske ambassaden i Beijing v/Commercial Counsellor Knut Sørli og seniorrådgiver Jian Wu.

De har frontet prosjektet overfor investormarkedet som opererer innen naturbasert reiseliv, og dette har gjort at vi har positiv respons og alle forutsetninger for å etablere et fremtidsrettet anlegg som er skreddersydd for volummarkedet.

Volummarked betinger at en har direkte kontakt med markedet som skal betjenes. Kina har den raskest voksende økonomien og innehar en stigende sterk kjøpekraft.

Det blir jobbet nå med å produsere matriell/prospekt som imøtekommer presisering av mulighetene som beliggenheten innehar av opplevelseskvaliteter og logistikk til transport og severdigheter (highlights) på engelsk.

## Ett av selskapene :

**Fosun Group International** - er en av respondentene våre og vi ser de som en aktuell partner til å etablere et drivverdige resortanlegg i Torvik. Noen opplysninger vedr. dette selskapet:

Fosun Group International er det største privateide selskapet i Kina og de er innenfor flere forretningsområder, bl.a reiseliv.

Deres selskap innen reiseliv er ClubMed og ble startet i 1950. Selskapet teller i dag 80 resorter rundt om i verden, og har et Club medlemskap som innehar 12 millioner brukere rundt omkring i verden.

Dette selskapet omsetter for ca.\$ 2,3 milliarder, er rettet mot et mer eksklusivt marked og innehar resorter med en mer eksotisk beliggenhet.

ClubMed ser på Nordic Resort Torvik-Møre sin beliggenhet som eksotisk og som et aktuelt område for deres satsing i Norden. De har god kjennskap til Møre og Romsdal da de har et cruiseskip som seiler i fjordene her (ClubMed 2).

**Vi har fått tillatelse fra dette selskapet til å gi disse opplysningene.**

Herøy Kommune  
6099 Fosnavåg  
Eiendom

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg. 2014/506	Saksbeh. RMY
19 MARS 2014	
Ark. kode P	611
Ark. kode S	
J.nr.	Dok.nr. 1
Kassasjon	

Fosnavåg, 07.03.14

Jeg har i den senere tid vært på utkikk etter en tom eller eksisterende bygg med sjøtilknytting. Behovet har de siste to-tre åra økt i forbindelse med bygging av mindre arbeidsfartøy til sjørelaterte bransjer.

Båtene jeg bygger er opptil 15 meter lange, og pr. i dag bygges og ferdigstilles de på forskjellige sted rundt om på søre luten. Dette utføres av bedrifter som jeg samarbeider med, men ønsket og det økonomiske aspektet tilsier at dette bør utføres under ett og samme tak i egen regi. I dag har vi store kostnader med frakt av skrog, og øvrig logistikk.

Jeg er i konkrete forhandlinger om å overta Vikane Eiendom AS, som er lokalisert på 17/57. Skal dette kunne slutføres, er jeg 100% avhengig av å kunne kjøpe nabo eiendommen som alternativ 1 viser på vedlagt kart.

Dersom jeg mot formodning ikke skulle komme til bunns i forhandlingene med Vikane Eiendom AS, ber jeg om å få kjøpe markert område på alternativ 2

Jeg er klar over at begge ønskede områder pr. i dag er reservert til Nordic Ressort AS, og at det foreligger en regulering av området som ikke passer til mitt bruk, men i rådføring med Kommunen vil jeg omregulere området så det blir tilpasset og utnyttet etter mitt behov. Reguleringskostnadene for området er jeg innforstått med at jeg må dekke selv.

Etter de opplysninger jeg sitter på, går reservasjonen til Nordic Ressort AS ut 30.05.2014. Jeg vil være klar til å overta området så snart Kommunen har hjemmel for å kunne selge det.

Jeg vil for ordens skyld påpeke at dette ligger i et område som Nordic Ressort AS har karakterisert som byggetrinn II, og at det pr. i dag ikke foreligger planer for dette området.

Dersom Kommunen allerede i dag har moment i denne saken som går imot mine planer, ber jeg om en snarlig tilbakemelding, så andre alternativ kan fremforhandles.

Jeg ser frem til et positivt svar.

Vennlig hilsen



Aasmund Torvik



## BEREGN PRISENDRING SELV

Nye månedstall kommer den 10. hver måned.

Kronebeløp

NOK

Fra

År

Måned

Til

År

Måned

Beregn endringen

### Resultat av utregning

40 kr i 2006 tilsvarte 46,46 kr i mai 2014.

NOK	2006	40
NOK	mai 2014	46,46
%	Prisstigning	16,1

### Merk!

Beregningene viser utviklingen i kroneverdien når en tar utgangspunkt i konsumprisindeksen. Beregningene viser ikke hva enkeltvarer bør eller skal koste når prisen reguleres med konsumprisindeksen.

[Les mer om priskalkulatoren](#)





HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr:	2014/321
		Arkiv:	L13

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
115/14	Formannskapet	01.07.2014

### VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID

#### Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-8, at vert sett i gong reguleringsplanarbeid for Herøy gard med tilgrensande eigedommar.

#### Særutskrift:

- Kultur, her
- Offentlege høyringsinstansar
- Grunneigarar og naboar

## Vedlegg:

1. Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid, datert 13.6. 2014.

## Saksopplysninger:


Kulturavdelinga i Herøy kommune har engasjert Utviklingsavdelinga til å utarbeide reguleringsplan med tilhørende dokument for Herøy gard med tilgrensande eigedommar.

## Mål for arbeidet

Målet med planarbeidet er å leggje føringar for den vidare utviklinga av øya Herøy og holmane rundt, sett i ein nasjonal, regional og lokal samanheng.

## Avgrensing av planområdet

Planen omfattar i grove trekk Herøy og holmane rundt, jf. kart.




Avgrensing av planområdet

Med i planområdet inngår også ein del sjøareal. Endeleg plangrense kan bli noko justert som følgje av planprosessen-

## Planstatus

Området er ikkje tidlegare regulert. Området er i kommuneplanen sin arealdel frå 2004 lagt ut til offentlig føremål (tun med bygningar ved Herøy kystmuseum, gravplassen, kyrkjeruinar, dagens parkeringsplass og framtidig areal for parkeringsplass) og landbruks- natur- og friluftsområde (LNF-område). Det er krav om utarbeiding av reguleringsplan for delar av planområdet.



Utsnitt frå arealdelen, 2004

Kommunen har utarbeidd forslag til ny kommuneplan. Planen vert lagt ut til 2. gongs offentlig ettersyn i byrjinga av juli. Pr. i dag vert det ikkje lagt opp til vesentlege endringar sett i forhold til planforslaget.

### Type reguleringsplan

Planen vert utarbeidd som områdereguleringsplan, jf. plan- og bygningslova § 12-3.

### Aktuelle reguleringsformål og omsynssoner

Aktuelle reguleringsformål er bebyggelse og anlegg (museumsbygg mm.), samferdselsanlegg (veg med tilhøyrande areal, parkering, bru), grønnstruktur, landbruks-, natur- og friluftsområde, bruk og vern av sjø og ulike omsynssoner.

Fleire formål og omsynssoner kan kome til undervegs i reguleringsplanprosessen.

### **Vurdering:**

#### Planprogram og KU

Tiltaket er pr. i dag vurdert til å ikkje vere av eit slikt omfang og av slik karakter at det er naudsynt med planprogram og/eller KU etter PBL §§ 4-1 og 4-2.

#### ROS

Det vil bli utarbeidd ei enkel risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som del av planarbeidet. Ut frå dei registreringane som ligg føre i tilgjengelege databaser, kan vi førebels ikkje sjå potensiale for vesentlege konsekvensar i høve ROS.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår i medhald av plan- og bygningslova, § 12-8, til at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid for Herøy gard med tilgrensande eigedommar.

Fosnavåg, 13.06.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann


Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide

# VARSEL OM OPPSTART AV REGULERINGSPLANARBEID

## OMRÅDEPLAN FOR HERØY GARD M.FL EIGEDOMMAR

I samsvar med § 12-8 i Plan- og bygningslova vert det varsla oppstart av arbeid med områdeplan for Herøy gard med tilgrensande eigedommar i Herøy kommune.



Lokalisering av planområdet

### Formål med planarbeidet


Formål med planarbeidet er å leggje føringar for den vidare utviklinga av øya Herøy og holmane rundt, sett i ein nasjonal, regional og lokal samanheng.

### Tiltakshavar

Herøy kommune er tiltakshavar og står som utførande for utarbeiding av reguleringsplan med tilhøyrande dokument.

### Planområde

Planområdet omfattar Herøy og holmane rundt (sjå kart nedanfor).



Avgrensing av planområdet

Følgjande eigedommar inngår i planområdet:

- Gnr. 39, bnr. 1.
- Gnr. 39, bnr. 3.
- Gnr. 39, bnr. 4.
- Gnr. 39, bnr. 5.
- Gnr. 39, bnr. 6.
- Gnr. 39, bnr. 7.
- Gnr. 39, bnr. 8.
- Gnr. 40, bnr. 9.
- Gnr. 40, bnr. 14.
- Gnr. 40, bnr. 57.
- Gnr. 40, bnr. 59.
- Gnr. 40, bnr. 60.

### **Skildring av området**

Herøy har hatt ein sentral plass i regionen i over 1000 år. Her var tingstad med gildestove i middelalderen, kyrkjestad frå ca. 1100-1916, prestegard fram til 1761 og handelsstad frå 1700-talet til 1916.

Øya med tilgrensande holmar er eit viktig kulturhistorisk område i Herøy kommune. Ved øya er det gode hamneforhold og hamnene har opp gjennom tida vore nytta som ventehamner for dei som ferdast rundt Stadt.

Det er mange kulturminne på øya og holmane rundt. Området vert i dag nytta til museumsverksemd, gravplass, «Herøyspelet» og friluft- og rekreasjonsområde.



1. Herøy kystmuseum
2. Kyrkjeminne med gravplass
3. Herøy amfi, friluft- og rekreasjonsområde
4. Privat eigedom med hus og løe
5. Privat eigedom med hus og løe
6. Privat eigedom med fritidshus og garasje
7. Parkeringsplass

Området i dag



Våningshus og sjøbud på Herøy kystmuseum



Herøy amfi (Foto: Herøy kommune ved BSS)

## Planstatus


### Reguleringsplan

Området er ikkje tidlegare regulert.

### Kommuneplan

Arealet er i kommuneplanen sin arealdel frå 2004 lagt ut til offentleg føremål (tunet med bygningar ved Herøy kystmuseum, gravplassen, dagens parkeringsplass og framtidig areal for parkeringsplass) og landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område). Det er krav om utarbeiding av reguleringsplan.






Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel frå 2004

Kommunen har utarbeidd forslag til ny kommuneplan. Planen vert lagt ut til 2. gongs offentlig ettersyn i byrjinga av juli. Pr. i dag vert det ikkje lagt opp til vesentlege endringar sett i forhold til kommuneplanen.

## Plansjekk

### Friluftsområde

Delar av Herøy er statleg sikra friluftsområde (84 daa). Verdi: svært viktig. Brukargrupper: Regionalt. Bruksfrekvens: Svært mykje.



Statleg sikra friluftsområde (kjelde:www.gislink.no)

### Kulturminne

#### Klosterhaugen

Automatisk freda kulturminne (ID92632, frå middelalderen, busetjings- aktivitetsområde). Det er synlege vollar etter ein mur på eit berg.

## Herøy kyrkjestad.

Kyrkjestaden er freda. Staden er truleg frå middelalderen. Kyrkjetuft, fjerna kyrkjebygg, kyrkjegard.



Ruinane etter den gamle kyrkja og den gamle kyrkjestaden (Foto: Herøy kommune ved BSS)

## Herøy hamn

Sentral hamneområde. Datering er uviss. Vernestatus uavklart.



Kartutsnitt frå [www.askeladden.ra.no/askeladden](http://www.askeladden.ra.no/askeladden)

## Bygningar

Det ligg fleire meldepliktige bygningar innanfor planområdet (ihht. Kulturminnelova § 25).

## **Type reguleringsplan**

Områdeplan, jf. plan- og bygningslova § 12-3.

## **Aktuelle reguleringsformål og omsynssoner**

Aktuelle reguleringsformål er bebyggelse og anlegg (museumsbygg mm.), samferdselsanlegg (veg med tilhøyrande areal, parkering, bru), grønnstruktur, landbruks-, natur- og friluftsområde, bruk og vern av sjø og ulike omsynssoner.

Fleire formål og omsynssoner kan kome til undervegs i reguleringsplanprosessen.



## **Konsekvensar av planen, ROS**

Tiltaket er pr. i dag vurdert til å ikkje vere av eit slikt omfang og av slik karakter at det er naudsynt med planprogram og/eller KU etter PBL §§ 4-1 og 4-2.

Det vil bli utarbeidd ei enkel risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som del av planarbeidet. Ut frå dei registreringane som ligg føre i tilgjengelege databaser, kan vi førebels ikkje sjå potensiale for vesentlege konsekvensar i høve ROS.

## **Planprosess, medverknad og innspel til planarbeidet**

Grunneigarar, offentleg mynde, lag og organisasjonar og dei som vert direkte råka av planarbeidet får tilsendt informasjon om planarbeidet. Det vert høve til å kome med innspel til planarbeidet ved oppstart av planarbeidet og i samband med offentleg ettersyn.

Det vil også bli arrangert ope møte.

## **Innspel/merknader til varsel om oppstart**

Innspel/merknader til planarbeidet skal vere skriftlege og sendast til:

**Herøy kommune**

**Utviklingsavdelinga**

**Postboks 274**

**6099 Fosnavåg**

eller på e-post til: [postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no)

Merk innspellet med; «Områdereguleringsplan for Herøy gard».

Frist for innspel: xx.xx.2014.

Eventuelle spørsmål til planarbeidet skal rettast til:

Planleggar Berit Sandvik Skeide. Tlf. 70 08 13 82.

13.6.2014.





HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2014/954
		Arkiv:	12/10

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
116/14	Formannskapet	01.07.2014

### **GNR 12 BNR 10, 13 - GRUNNKJØP REMØYA**

#### **Tilråding frå rådmannen:**

Formannskapet ber administrasjonen om å gå i grunnforhandlingar med grunneigar på gnr 12 bnr 10 og bnr 13.

Særutskrift:  
Sigrid N Remøe, Selsjestien 67 1387 ASKER

**Vedlegg:**

Kart over eigedomane

Gardskart med arealopplysningar

**Saksopplysningar:**

Sigrid Remøe har sendt ein henvendelse til kommunen der ho ber om at det vert vurdert om eigedomane som ho eig på Remøya kan vere av interesse for kommunen å kjøpe. Sigrid Remøe eig gnr 12 bnr 10 og gnr 12 bnr 13. Ho ønskjer å selje alt areal som eigedomane omfattar.

Gnr 12 Bnr 10 har ein storleik på om lag 30,2 da og gnr 12 bnr 13 er på om lag 36,8 da. Planstatus er for eigedomane er LNF-formål med unntak av ei mindre stripe ved sjøen som er lagt ut til naustformål.

**Vurdering og konklusjon:**

Eigedomane er lokalisert nord for fylkesvegen ligg inn til bustadfeltet som er regulert gjennom reguleringsplanen 1515198202 REMØY.

Området sør for vegen ligg inntil Remøybrua og strekkjer seg vidare nordover mot bustadfeltet.

Eigedomane vert vurdert som interessante for kommunen å erverve.

Rådmannen rår til at ein går i forhandlingar med grunneigar for å avklare grunnkjøpskostnadane for begge eigedomane og at det vert innhenta eigedomstakst.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:


Fosnavåg, 20.06.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar


Sakshandsamar: Jarl Martin Møller






Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.





Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eiendomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.





0 20 40 60m

Målestokk 1 : 3000 ved A4 utskrift  
Utskriftsdato: 20.06.2014

**GÅRDSKART** 1515-12/10  
Tilknyttede grunneiendommer:  
12/10



**Markslag (AR5) 13 klasser**  
**TEGNFORKLARING**

	Fulldyrka jord
	Overflatedyrka jord
	Innmarksbeite
	Skog av sær s høg bonitet
	Skog av høg bonitet
	Skog av middels bonitet
	Skog av lav bonitet
	Uproduktiv skog
	Myr
	Åpen jorddekt fastmark
	Åpen grunnlendt fastmark
	Bebyggd, samf, vann, bre Ikke klassifisert
	Sum:

**AREALTALL (DEKAR)**


0.1	
0.0	
7.9	8.0
0.0	
0.0	
0.0	
0.0	
12.8	12.8
0.0	
7.7	
0.0	7.7
1.7	
0.0	1.7
30.2	30.2

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

Arealressursgrenser

Eiendomsgrenser



0 20 40 60m

Målestokk 1 : 3000 ved A4 utskrift  
Utskriftsdato: 20.06.2014

**GÅRDSKART** 1515-12/13  
Tilknyttede grunneiendommer:  
12/13



**Markslag (AR5) 13 klasser**  
**TEGNFORKLARING**

	Fulldyrka jord
	Overflatedyrka jord
	Innmarksbeite
	Skog av sær s høg bonitet
	Skog av høg bonitet
	Skog av middels bonitet
	Skog av lav bonitet
	Uproduktiv skog
	Myr
	Åpen jorddekt fastmark
	Åpen grunnlendt fastmark
	Bebyggd, samf, vann, bre Ikke klassifisert
	Sum:

**AREALTALL (DEKAR)**

	0.0	
	0.0	
	8.4	8.4
	0.0	
	0.0	
	0.0	
	0.0	
	8.6	8.6
	0.0	
	18.9	
	0.0	18.9
	0.9	
	0.0	0.9
	36.8	36.8

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjenning. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

Arealressursgrenser

Eiendomsgrenser





HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2014/1017
		Arkiv:	35/10

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
117/14	Formannskapet	01.07.2014

### **GNR 35 BNR 10, 49, 81, 90 - GRUNNKJØP IGESUND**

#### **Tilråding frå rådmannen:**

Formannskapet ber administrasjonen om å gå i grunnforhandlingar med grunneigar på gnr 35 bnr 10, 49, 81 og 90.

Særutskrift:  
Harald Igesund, Igesundvegen 82 6090 Fosnavåg

## **Vedlegg:**

1 Gnr 35 Bnr 10, 49, 81, 90 - kart

## **Saksopplysningar:**

Harald Igesund har kome med ein henvendelse til kommunen der han ber om at det vert vurdert om eigedomane som han eig på Igesund kan vere av interesse for kommunen å kjøpe. Harald Igesund eig gnr 35 bnr 10, 49, 81 og 90. Han ønskjer å selje alt areal som eigedomane omfattar.

Eigedomane er på om lag 83da samla sett. Planstatus for eigedomane er LNF-formål i gjeldande kommuneplan.

## **Vurdering og konklusjon:**

Eigedomane er lokalisert på Igesund, vest for Fosnavåg. Sentrale delar av eigedomen består av fulldyrka jord og innmarksbeite. Resten av eigedomane består av open grunnlendt fastmark, strandareal og holmar.

Eigedomane vert vurdert som interessante for kommunen å erverve.

Rådmannen rår til at ein går i forhandlingar med grunneigar for å avklare grunnkjøpskostnadane for eigedomane og at det vert innhenta eigedomstakst.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 20.06.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar


Sakshandsamar: Jarl Martin Møller





Areal

35/90: 0,5 da.




Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.






Areal  
35/81 og 0,9 da.




Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.





Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.






Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

© Kartverket





0 50 100 150m  
 Målestokk 1 : 5000 ved A4 utskrift  
 Utskriftsdato: 20.06.2014

GÅRDSKART 1515-35/10  
 Tilknyttede grunneiendommer:  
 35/49 - 35/10



Markslag (AR5) 13 klasser		AREALTALL (DEKAR)	
TEGNFORKLARING			
	Fulldyrka jord	19.0	
	Overflatedyrka jord	0.0	
	Innmarksbeite	5.6	24.6
	Skog av særst høg bonitet	0.0	
	Skog av høg bonitet	0.0	
	Skog av middels bonitet	0.0	
	Skog av lav bonitet	0.0	
	Uproduktiv skog	3.3	3.3
	Myr	0.0	
	Åpen jorddekt fastmark	6.4	
	Åpen grunnlendt fastmark	37.7	44.1
	Bebyggd, samf, vann, bre	0.4	
	Ikke klassifisert	0.0	0.4
	Sum:	72.4	72.4

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjenning. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

Arealressurgrensler  
 Eiendomsgrensler



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2014/467
		Arkiv:	M11

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
118/14	Formannskapet	01.07.2014

### HOVUDPLAN FOR VASSFORSYNINGA I HERØY

#### Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet vedtek at det vert starta opp arbeid med revidering av den kommunale hovudplanen for vassforsyninga. Dei private vasslaga/-verka vil vere sentrale partar i dette planarbeidet og skal involverast aktivt under heile planprosessen.

Planen skal ha status som ein temaplan og med klar hovudvekt på vurdering av den framtidige organiseringa av vassforsyninga. I planen må elles overordna mål samt status og utfordringar knytt til dagens vassforsyning vektleggast. Val av tema og detaljeringsgraden for dei ulike tema skal forøvrig avgrensast til det som er naudsynt som grunnlag for ei tilfredsstillande organisasjonsvurdering.

#### Særutskrift:

Herøy Vasslag, Kvithaugsmyra 71, 6092 Fosnavåg  
Stemmedal Vasslag v/Arild Moldskred, 6070 Tjørnvåg  
Moltustranda Vassverk v/Fred Hansen, 6076 Moltustranda  
Nerlandsøy Vasslag v/Aksel Kvalsvik, Øvre Plassegjerdet 6, 6098 Nerlandsøy  
Kvalsvikøy Vassverk v/Trond Kvalsvik, Kvalsvik, 6098 Nerlandsøy  
Runde Vassverk v/Rocco Torsten Schwalm, 6096 Runde



**Vedlegg:**

Kopi av referat/oppsummering frå møte mellom vasslaga/-verka og Herøy kommune den 13.05.2014.

**Saksopplysningar:****BAKGRUNN**

I handlingsdelen til samfunnsdelen i kommuneplanen 2013-2025 er det under satsingsområdet **Infrastruktur** teke med eit punkt/tiltak om at kommunen skal **vurdere organisatorisk overtaking av vassverka**. Frå administrasjonen si side har ein teke sikte på å tilnærme seg dette oppdraget gjennom ei revidering av gjeldande hovudplan for vassforsyninga. Det har så langt berre vore gjort ein del førebunde arbeid, her under halde eit møte med vasslaga/-verka. Det nemnde møtet hadde som formål å orientere vasslaga/-verka om det foreståande arbeidet og å få tilbakemeldingar om dagens status og synspunkt på ein slik mogleg organisasjonsendringsprosess. Saka no gjeld om og i tilfelle i kva omfang ein skal førebu og gjennomføre ein slik prosess.

**HOVUDPLAN FOR VASSFORSYNINGA AV 1991**

Arbeidet med ein **Hovudplan for vassforsyninga i Herøy** vart starta opp i 1987 med basis i vedtak i F-sak 116/87. Østlandskonsult AS vart den gong valt som konsulent for arbeidet og ein planrapport låg føre i november 1990. I denne rapporten vart det mellom anna tilrådd at den framtidige vassforsyninga i Herøy skulle baserast på 1 hovudvassverk med forsyning frå 2 kjelder, Mørkevatnet og Stemmedalsvatnet, og at det dessutan skulle gjerast nærare vurderingar om bruk av grunnvatn for nokre utvalde delar av kommunen. Etter ein høyringsrunde lokalt, regionalt og statleg (Statens institutt for folkehelse) sluttbehandla kommunestyret hovudplanen den 29.11.91 (K-sak 107/91). Vedtaket lydde som følgjer:

- 1. Hovudplanen for vassforsyninga vert godkjent med dei tillegg og presiseringar som kjem fram av kommentarane frå Østlandskonsult AS samt teknisk sjef si utgreiing. Kostnadsoversikten for vassforsyningsinvesteringane, utarbeidd av teknisk sjef og datert 10.10.91, vert lagt til grunn som ei samla ramme for utbyggingstiltaka i hovudplanen.**
- 2. Handlingsprogrammet for utbyggingstiltaka dei næraste åra vert godkjent i samsvar med det justerte prioriteringsforslaget, slik dette går fram av kommentarane til høyringsuttalen frå Østlandskonsult AS.**

**Ein har med dette ikkje teke stilling til den endelege organisasjonsformen for den framtidige vassforsyninga i Herøy.**

- 3. Det vert lagt til grunn at det kan påreknast minst 16 % statleg tilskot til utbyggingstiltak som er i samsvar med godkjent hovudplan, og kommunen vil på tilsvarande grunnlag yte 10 % tilskot til dei ulike investeringstiltaka. Tilskotspolitikken må nyttast som eit aktivt styringsmiddel for gjennomføring av hovudplanen og intensjonane i denne.**

Ein går i denne samanheng ikkje noko nærare inn på innhaldet i hovudplanvedtaket bortsett frå å konstatere at kommunen på dette tidspunkt ikkje ville legge føringar på organiseringa av vassforsyninga.

## KORT OM HISTORIKK OG STATUS FOR VASSFORSYNINGA

Som følgje av avdekte behov og prioriterte tiltak vart det som del av hovudplanen skissert utbyggingar til ein samla kostnad på 74 mill. kr. Svært mange av desse prosjekta er i ettertid gjennomførte og dei viktigaste/mest omfattande tiltaka kan oppsummerast som følgjer:

- UV-rensing av hovudkjeldene.
- Omfattande utskiftingar, omleggingar og oppdimensjonering av hovudleidningsnett.
- Grunnvassanlegg på Nerlandsøy og Kvalsvik.
- Ny overføringsleidning Moltu – Bergsøy.
- Samanbinding Frøystad – Bergsøy via Mjølstadneset.
- Høgdebasseng på Leinøy (v/Svartevatnet).

Også på det organisatoriske plan har det skjedd ein del endringar. Svartevatn Vasslag og Sævik Vassverk har gått inn i Herøy Vasslag og dei tilhøyrande vasskjeldene (Svartevatnet og Sævikvatnet) er avvikla. Leikanger Vassverk har gått saman med Stemmedal Vasslag. Den tidlegare vasskjelda til Leikanger (Trangedalen) vart avvikla lang tid i forvegen for dette gjennom ei samankopling av dei respektive vasslaga sine leidningsnett. Som følgje av etablering av grunnvassanlegg er også dei tidlegare kjeldene til Nerlandsøy Vasslag (Børdalen) og Kvalsvikøy Vassverk (Fossedalen) avvikla. Dagens organisatoriske status med tilhøyrande kjelde og forsyningsområde kan såleis kort oppsummerast som følgjer:

- **Herøy Vasslag SA** med Mørkevatnet som kjelde og forsyningsområde bestående av Bergsøya, Leinøya (utanom Bø/Sande) og Remøya.
- **Stemmedal Vasslag SA** med Stemmedalsvatnet som kjelde og forsyningsområde bestående av Leikong (utanom Jøsok/Voldnes), Myrvåg og Tjørvåg til og med Notøy og Sandvika. Sistnemnde har grunnvassanlegg.
- **Moltustranda Vassverk SA** med Mørkevatnet som kjelde og Moltustranda som forsyningsområde.
- **Nerlandsøy Vasslag SA** med grunnvassanlegg i fjell og Kvalsund, Koparstad og Teige som forsyningsområde.
- **Kvalsvikøy Vassverk SA** med grunnvassanlegg i fjell og med Kvalsvika som forsyningsområde.
- **Runde Vassverk BA** med vatn frå brønn med tilsig frå ura ovanfor Rundegardane og med ein avgrensa del av busetnaden omkring hamna som forsyningsområde.

## MØTE MED VASSLAGA/-VERKA DEN 13.05.2014

Med unntak av Kvalsvikøy Vasslag var alle vasslaga/-verka representerte på møtet. Frå kommunen si side vart det innleiingsvis gjeve ei orientering om det planarbeidet ein ville tilrå å igangsetje. Kvar av dei frammøtte vasslaga/-verka fekk der etter høve

til å orientere om sin status samt om utfordringar og ambisjonar for framtida. Møtet vart avslutta med ei drøfting av ulike forhold knytta til det evt. foreståande planarbeidet.

Som det går fram av det vedlagde møtereferatet så stilte nokre av vasslaga/-verka seg positive til å drøfte moglege organisatoriske endringar av vassforsyninga medan andre ga klart uttrykk for at dei var godt nøgd med situasjonen som den var.

### **Vurdering og konklusjon:**

Sjølv om det har skjedd mykje positivt på vassforsyningssektoren dei siste åra så er dei prinispielle utfordringane på mange måtar dei same i dag. Vassforsyning inngår som ein del av den grunnleggande infrastrukturen i eit moderne samfunn og kompetansekravet knytt til produksjon og leveranse av dette viktige næringsmiddelet har berre auka. I tillegg er leveranse av nok vatn til dei ulike deler av kommunen ein viktig føresetnad for ein tilfredsstillande brannberedskap.

Dei fysiske utbyggingstiltaka på vassforsyningssektoren må prioriterast i høve til kommunale arealplanar og inngår som ein integrert del av øvrig infrastruktur som skal samordnast og styrast av kommunen. Dette stiller stadig større krav til samhandling mellom aktørane når ansvaret for dei ulike infrastrukturelementa er delt som i dag. Det må vidare påreknast at kompetansebehovet på vassforsyningssektoren vil presse fram ytterlegare krav til organisering og drift som i alle høve dei mindre vasslaga/-verka vil kunne få problem med å følgje opp.

Det er svært uvanleg at ein kommune på Herøy sin storleik ikkje har offentleg vassforsyning. Dette i seg sjølv er naturleg nok ikkje noko argument for endringar. Dei organisatoriske endringane som har skjedd dei seinare år må imidlertid kunne oppfattast som eit uttrykk for eit behov for å tilpasse seg den utviklinga som er skissert ovanfor. Det er også eit faktum at 2 av dei 3 gjennomførte vassverk-samanslåingane har skjedd etter langvarige og til dels tunge prosessar med kommunal involvering både praktisk og økonomisk. Sett frå kommunen sin synsstad burde dette vere eit greitt signal om at ein no med ope sinn drøftar kva for vassforsyning ein vil møte framtida med og ikkje på ny ventar til neste gong det oppstår ein situasjon der ein må gjere noko.

Ein komplett hovudplan i si tradisjonelle form vil krevje til dels omfattande utgreiingar av teknisk/økonomisk karakter og med det innleige av konsulenthjelp. Forutan kommunale utgifter vil dette også kunne innebere både praktisk og økonomisk medverknad frå vasslaga/-verka. I ein slik situasjon vil det truleg vere fornuftig at ein i forkant gjer ei vurdering av kva tema som skal utgreiast og detaljeringsgraden av dei ulike tema. På generelt grunnlag kan det vel også seiast at det for ein kommune der all vassforsyning er privat, vil ein uansett måtte ha ei anna og meir overordna tilnærming til temaet samanlikna med at kommunen hadde det heile og fulle ansvaret også på driftssida.

Frå administrasjonen si side er det viktig å understreke at det primære er å ha eit godt nok grunnlag for å vurdere den framtidige organiseringa av vassforsyninga og at avgrensinga av tema som skal utgreiast, vert gjort i lys av dette. Dette tilseier at ein legg vekt på overordna mål, status og utfordringar og her under ikkje minst samordnings- og samhandlingsutfordringar mellom dei ulike vasslaga/-verka og mellom kommunen og vasslaga/-verka. Utan å foregripe konklusjonane i ein

komande hovudplan vil nok ikkje spørsmålet vere om framtidens vassforsyning skal baserast på dagens organisasjonsform, men kva for organisasjon(ar) som må etablerast for å møte framtidens utfordringar.

Ei anna avgjerd som må takast i forkant av planarbeidet, gjeld val av plantype. For ein komplett og altomfattande hovudplan ville det nok ha vore rettast å køyre saka som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova. Ein slik plantype inneber imidlertid behandlingsprosedyrer på lik line med ein kommuneplan (jfr. PBL §§ 11-12 til 11-15), noko som kan synest unødig i høve til det som tidlegare er nemnt om avgrensing av tema og detaljeringsgrad i hovudplanen.

Administrasjonen vil tilrå at hovudplanen vert fremja som ein temaplan der ein sjølv definerar omfang av og innhald i planen. Ein kan likevel gjennomføre tilstrekkelege og tilfredsstillande høyringsrundar der relevante høyringspartar vert involvert. Ein temaplan vil naturleg nok ikkje vere juridisk bindande, men gjennomføringa av ulike organisatoriske grep som måtte følgje av planen, vil uansett plantype vere avhengig av eit nært og konstruktivt samarbeid med vasslaga/-verka.

Konsekvensar for folkehelse:

Ei velfungerande vassforsyning med vektlegging av kvalitet og leveringssikkerheit vil heilt klart ha positiv innverknad på folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Tilgang på tilstrekkeleg sløkkevatn og enkle og lett tilgjengelege tilkoplingsmulegheiter er ei viktig føresetnad for ein god beredskap.

Konsekvensar for drift:

Med tilvising til at vassforsyning skal vere sjølvfinansierande så har det i prinsippet ingen økonomiske driftskonsekvensar uansett organisasjonsform.

Fosnavåg, 10.06.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten





# REFERAT/OPPSUMMERING FRÅ MØTE MELLOM VASSLAGA/-VERKA OG HERØY KOMMUNE DEN 13.05.2014.

Til stades på møtet var:

<u>Frå Herøy Vasslag:</u>	Per Arne Gjerdsbakk Ragnvald Kvalsvik Bjørnar Bendal
<u>Frå Stemmedal Vasslag:</u>	Arild Moldskred Tor Rødseth Hans-Jørgen Løvøy
<u>Frå Moltustranda Vassverk:</u>	Fred Hansen Frank Otterlei Trond Myking Kjellmar Tarberg
<u>Frå Nerlandsøy Vasslag:</u>	Aksel Kvalsvik
<u>Frå Runde Vassverk:</u>	Rocco Schwalm Gunnar Gundersen
<u>Frå Herøy kommune:</u>	Jarl Martin Møller, utviklingsavd. Hallvard Rusten, utviklingsavd. Jon Rune Våge, anlegg/drift Fred Arnesen, anlegg/drift Ida M. Herre, anlegg/drift Lene S. Huldal, anlegg/drift

**Kvalsvikøy Vassverk** var også invitert, men melde frå at dei ikkje hadde høve til å vere representerte på møtet.

## BAKGRUNN FOR MØTET

I handlingsplanen til samfunnsdelen i kommuneplanen 2013-2025 er det under satsingsområdet **Infrastruktur** uttalt at kommunen skal vurdere ei organisatorisk overtaking av vassverka. Utviklingsavdelinga tek sikte på å tilnærme seg dette oppdraget gjennom ei revidering av gjeldande Hovudplan for vassforsyninga. Møtet vart arrangert med sikte på å orientere om oppstarten på denne prosessen samt å få tilbakemeldingar på dagens status, utfordringar og ambisjonar for dei ulike vasslaga/-verka.

## INNLEIINGSVIS ORIENTERING

Herøy kommune v/Hallvard Rusten orienterte innleiingsvis om bakgrunnen for møtet og om opplegg og vidare framdrift i arbeidet med ein revidert hovudplan for vassforsyninga. Orienteringa hadde grovt oppsummert følgjande hovudtema:

- Bakgrunn for og formål med ein revidert hovudplan.
- Historisk tilbakeblikk på organisering av vasslaga/-verka.
- Innhald i og målsetjingar for ein evt. hovudplan.
- Dagens utfordringar for vasslaga/-verka.
- Vasslaga/-verka sine syn på framtida.
- Alternative organisasjonsmodellar.
- Vegen vidare?

(Powerpoint-presentasjonen er vedlagt møtereferatet)

## **ORIENTERING FRÅ VASSLAGA/-VERKA**

Etter innleiinga fekk dei einskilde vasslaga/-verka høve til å orientere litt om status og framtidsutsikter sett frå sin synsstad.

### **Herøy Vasslag v/Per Arne Gjerdsbakk**

Vasslaget har 2 fast tilsette (dagleg leiar og driftsoperatør) i staben og er store nok til å kunne drifte på den måten. Dei har dei seinare år brukt mykje ressursar på utdanning av personell, driftskontroll, leidningskartlegging m.v. Gjennom planmessig innsats på lekkasjesøking meiner dei å ha oppnådd ein vesentleg reduksjon i lekkasjetap i leidningsnettet.

Vasslaget har inngått samarbeidsavtale med kommunen og det vert halde jamnlege samarbeidsmøte om ulike utbyggings-/driftstema. Vasslaget har vidare samarbeid med Nerlandsøy Vasslag på nokre avgrensa område og leverer for tida også vatn til deler av Stemmedal sitt forsyningsområde. Det har vore ein viss auke i avgiftene for å sikre drifta, men auken har ikkje vore av vesentleg karakter. Tildelinga av «Vannprisen 2013» er eit klart uttrykk for at vasslaget driv godt.

Vasslaget har ingen prinsipielle motforestillingar til ei evt. kommunal overtaking av vassforsyninga, men meiner at eit privat samvirkeforetak for alle vasslag/-verka vil vere ei betre løysing. Ved ei evt. samling av vassforsyninga vil nok avgiftsnivået verte eit sentralt tema, men vasslaget meiner at det i ein slik organisasjon vil gå godt å leve med ulike og lokalt tilpassa avgifter. Vasslaget meiner for øvrig at dei driv såpass godt at kommunen neppe kan ha noko interesse i å overta.

### **Runde Vassverk v/Gunnar Gundersen**

Vassverket med sine 34 abonnentar leverar vatn til ein svært avgrensa del av øya og dei har heller ikkje kapasitet til nokon vesentleg auke i abonnenttalet. Dei fleste på Runde har vatn frå egne brønner. Vassverket har ei reserveløysing basert på tank m/nivåpumpe som vert koplå til i høgsesongen. Vatnet vert rensa i UV-anlegg og vassverket meiner dei har dokumentasjon på at dei leverer godt vatn. Utanom den generelle kapasitetsavgrensinga i vasskjelda, har også vassverket ei utfordring i høve til brannvatn. Vassverket ser det ikkje som særleg aktuelt å inngå i ei samla vassforsyning for heile kommunen.

Det vart stilt spørsmål til kommunen om kva som ligg i ei «organisatorisk overtaking». Som svar vart det vist til at dette inneber at all vassforsyning (utbygging, vedlikehald og drift) inngår som del av den samla kommunale organisasjonen. Dette vil kunne



skje uavhengig av om forsyningsnettet er samanknytt eller vert verande fysisk avgrensa for ulike deler av kommunen.

Med omsyn til kapasitetsutfordringane som tidlegare påpeika og med tilvising til plan- og bygningslova sine krav ved frådelling/bygging, vart det også vist til at mangel på tilfredsstillande vassforsyning vil kunne vere ein hemsko for vidare utvikling på Runde.

#### **Stemmedal Vasslag v/Arild Moldskred**

Etter samanslåinga med Leikanger Vassverk er vasslaget i gang med omfattande utbyggingar både i leidningsnett og renseanlegg. Når dei planlagde utbyggingane (leidningsutskifting + nytt renseanlegg) vert avslutta i 2015 vil resterande gamle eternittleidningar vere avgrensa til eit par strekningar i Aurvåg og Djupvika. I utbyggingsperioden får vasslaget leveranse frå Herøy Vasslag. (I ein replikk viste Gjerdsbakk til at pr. døgn tilsvarar desse leveransane om lag det som Herøy Vasslag den seinare tid har «spart inn» gjennom reduserte lekkasjer.

Vasslaget har også ein liten del av forsyninga si basert på grunnvatn. Dette gjeld Sandvika med om lag 20 abonnentar. Sjølve anlegget ligg på Sandvikskaret, der det er bora 2 fjellbrønner og bygt lukka basseng. Anlegget vert opplyst å ha lave driftskostnader.

Det vart peika på at vasslaget snarast mogleg vil måtte få på plass ein ny internkontroll og det vart gjeve uttrykk for at drifting av eit såpass stort vasslag var krevjande utan fast tilsett personell. I særleg grad galdt dette no medan dei omfattande utbyggingane pågjekk. Vasslaget har elles ikkje noko imot å drøfte samanslåing av vasslaga/-verka eller andre organisatoriske endringar.

#### **Moltustranda Vassverk v/Fred Hansen**

Vassverket, med om lag 180 abonnentar, har eit oppgradert leidningsnett med lite lekkasjer og attverande restar av gamle eternittleidningar utgjer ikkje lange strekningar. Dei viser til at dei tilfredsstillar krava i vassforskrifta, leverer godt vatn og er rimeleg komfortable med situasjonen slik den er. Vassverket er bekymra for auka avgifter som følgje av ei evt. samanslåing.

Vassverket meiner elles at vassforsyninga litt for einseitig vert basert på Mørkevatnet som kjelde og uttrykte bekymring for kapasiteten dersom folketalet i Herøy skulle auke vesentleg. Ved påpeiking av at dei ikkje var klar over Herøy Vasslag sine leveransar til Stemmedal sitt forsyningsområde repliserte Gjerdsbakk at dei brukte mindre vatn no (inkl. leveranse til Stemmedal) enn for 10 år sidan.

#### **Nerlandsøy Vasslag v/Aksel Kvalsvik**

Vasslaget har om lag 270 abonnentar og med den pågåande utbygginga på Kvalsund/Teige er det venta vesentleg auke i abonnentalet også i åra som kjem. Det har den seinare tid vore bora 2 nye fjellbrønner, det har vore arbeidd mykje med lekkasjetetting og vasslaget føler seg rimeleg trygg på vassforsyningssituasjonen. Hovudnettet vart skifta ut for om lag 6 år sidan og dei har no fokus på mellom anna lekkasjesøk på private leidningar. Vasslaget har inngått avtale med Herøy Vasslag som mellom anna omfattar samarbeid om driftskontroll.

Av utfordringar viser vasslaget til ønskje/planar om tiltak for å redusere kalkinnhaldet i vatnet, innkjøp av naudaggregat med tanke på forsyningsberedskapen og at det er behov for å byte ut/utbetre ein del brannkummar. Vasslaget ser også at deler av forsyningsnettlet burde oppgraderast.

Vasslaget er opne for vidare samarbeid og i særleg grad i høve til Herøy Vasslag. I tilfelle Herøy Vasslag skal legge ny vassleidning til Sævik har vasslaget uttrykt ønskje om å ta del ved at ei slik leidning kan gå via Nerlandsøy.

### **Anleggs- og driftsavdelinga v/Jon Rune Våge**

Frå avdelinga si side vart det vist til at dei har eit godt og nært samarbeid med nokre av vasslaga/-verka, men har mindre med andre vasslag/-verk å gjere. Trass i godt samarbeid vil det likevel vere ei utfordring å samordne tiltak når ein skal forhalde seg til fleire ulike aktørar. Når det gjeld utbygging av infrastruktur er vassforsyning og avløp på mange måtar 2 sider av same sak og avdelinga ser klare fordelar dersom kommunen også kunne overta vassforsyninga og samle det heile i ein organisasjon. Ei slik organisasjonsendring er imidlertid krevjande og må planleggast/førebuast i god tid før evt. gjennomføring.

Avdelinga viste elles til arbeidet med ny kommuneplan som no er på gang og oppmoda vasslaga/-verka til å gjere seg kjend med denne. Planlagde nye utbyggingsområde vil nemleg vere retningsgjevande for kvar vasslaga/-verka kunne pårekne å måtte investere i åra som kjem. Viktigheita av å tenkje branndekning i samband med ulike utbyggingar vart også understreka.

### **OPPSUMMERING/KONKLUSJON**

I etterkant av innlegga/orienteringane vart ein del ulike tema drøfta. Noko av dette galdt detaljar som sjølvstakt kan vere viktige nok, men som ikkje vert gjeven nokon plass i denne fasen av prosessen. Ein finn imidlertid grunn til å nemne eit par tema som både har prinsipiell og økonomisk interesse.

I samband med feltutbyggingar (bustad- og næringsområde) har både Herøy og Stemmedal Vasslag innført ein praksis med å dekke kostnader fram til «feltet», men at intern infrastruktur vert belasta «feltet». Dette er for øvrig dei same prinsippa som ein legg til grunn for avløp. Dei andre vasslaga/-verka har ikkje klare retningslinjer på dette området. Med tilvising til ovannemnde ga Anlegg/drift v/Lene Huldal ei kort orientering om kommunale utbyggingsavtalar.

Frå Herøy Vasslag vart det vidare orientert om at dei har nedfelt i vedtektene sine at ei evt. kommunal overtaking av vasslaget skal skje vederlagsfritt. I praksis betyr dette at ein då overtek både verdiar og evt. gjeld. Frå kommunen si side vart det vist til at dette er ei logisk tilnærming til ei slik problemstilling. Sidan vassforsyning er eit «nullsumspel» der abonnentane skal dekke kostnadane vil nemleg kjøp av eit vasslag/-verk ha som resultat at abonnentane vil måtte få auka avgifter for også å dekke inn ein slik evt. «kjøpesum».

Avslutningsvis orienterte kommunen litt om vegen vidare. Det næraste formelle steget vil vere å førebu ei sak om planoppstart for formannskapet. I forkant av dette

vil utviklingsavdelinga måtte klargjere kva omfang ein skal tilrå at den reviderte hovudplanen får. Organisatoriske vurderingar vil sjølvsagt måtte tilleggast avgjerande vekt. Spørsmålet som må avklarast vil såleis vere i kva omfang og detaljeringsgrad ein skal trekke inn andre moment som naturleg høyrer heime i ein tradisjonell hovudplan for vassforsyninga. Vasslaga/-verka vil sjølvsagt vere ein viktig og naturleg samarbeidspart i det vidare planarbeidet uansett omfanget av planen.

Fosnavåg, 19.05.2014  
Hallvard Rusten  
Ref.




## Delegerte saker frå avdelingane

DS 25/14 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning (lukket og åpent arrangement) 18.06.2014 00:00:00 STIFTINGA HERØYSPELET

DS 26/14 Søknad om utvida skjenketid under Maritime sommardagar - Fosnavåg Brygge 13.06.2014 00:00:00 Restaurant Fosnavåg Brygge

Referatsaker

Referatsaker



## NOTAT

Til: Egedomsavdelinga

Frå: Fellesekretariatet

Saksnr  
2014/279

Arkivkode  
033

Dato  
04.06.2014

---

### **FELLESAREAL I OSPENESVEIEN**


Eldrerådet hadde møte 02.06.14 og kom med slik merknad:

«Eldrerådet ber om at fellesareal som tilhører Ospenesveien vert opna slik at det kan nyttast til samlingar og til fellesskap for brukarane»

Med helsing

Hilde Bringsvor Skennes





## NOTAT

Til: Anlegg- og driftsavdelinga

Frå: Fellessekretariatet

Saksnr  
2014/279

Arkivkode  
033

Dato  
04.06.2014

---

### AVGIFTSNIVÅET PÅ KOMMUNALE TENESTER

Eldrerådet hadde møte 02.06.14 og kom med slik merknad:

«Eldrerådet er uroa over avgiftsnivået på kommunale tenester og ber kommuneadministrasjonen å sjå på dette, herunder vassavgift. Avgiftsnivået er i ferd med å gjere eit stort «innhogg» i pensjonistane si disponible inntekt i tillegg til at tillegget for prisstigning vert kutta med 0,75%»

Med helsing

Hilde Bringsvor Skinnes